

---

**Fra:** Jon Askeland  
**Sendt:** torsdag 27. oktober 2016 13.17  
**Til:** sart@udi.no  
**Kopi:** Postmottak Radøy  
**Emne:** Oppmesting om rask handsaming av asylsøknader - Radøy.

Til Regiondirektør Stig Arne Thue, UDI, region Vest.

Me har motteke meldinga om at asylmottaket ved Radøy tunet vert avvikla innan utgangen av januar. Underteikna vil med dette oppmoda UDI om å prioritera handsaming av søknadene for dei som bur på mottaket.

Mi oppleving er at mottaket på Radøy er svært godt drive, og det har vore brei aktivitetsstøtte for bebuarane. Mange bebuarar har vore med på ymse duggnader, som td turstibygging og bøssebering til TV-aksjonen sist søndag. Lokalsamfunnet har stilt fint opp som besøksvener, delteke på aktivitetar og gitt ulike gåver. Dette gjeld i stor grad fleire lokale lag og organisasjonar også. Ein av bebuarane sa til meg at Radøy tunet er ein fin plass å venta på,- mottaket er fint, det er passeleg stort, lite konflikter og det vert litt «storfamiliekjensle» der. Men, dei er leie av å venta på utfallet av søknadene sine.

Eg har møtt fleire av bebuarane nokre gonger, og det gjer djupt inntrykk at somme av dei bur på sitt femte mottak etter at dei kom til Noreg. Det er sjølv sagt ei stor påkjennung for dei å gå og venta og ikkje ha stort å fylla dagane med. Mange av asylsøkjarane kjem frå landa der krigsherjingane stadig går føre seg, så det er ei tung belastning for dei å ottast for korleis deira kjære har det.

Noreg har ein humanistisk tradisjon å ta vare på. Sett i lys av dette, oppfordrar eg UDI på det sterkeste til å prioritera handsaminga av søknadene for dei som bur på mottak som skal leggjast ned, slik at dei slepp flytta til nye mottak. Det kjem så få flyktningar til landet vårt no, at det bør forventast rask søknadshandsaming. Itillegg opplever eg at infobreva frå IMDI tilseier at kommunane er godt i stand til å busetja dei som får innvilga opphaldsløyve i landet.

Med helsing  
Jon Askeland  
Ordførar  
Radøy kommune  
Tlf 47 45 97 20  
Tlf 56 34 90 10  
[WWW.radoy.kommune.no](http://WWW.radoy.kommune.no)

